

Dialekten i Romsdal

Av Helge Sandøy

Inneklemt mellom nord og sør

Dialekten i Romsdal ber merke av å liggje på overgangen mellom dei to store dialektgruppene i Norge: I sør finn ein eintydig vestnorske dialektar, i nord (eller betre nordaust) møter me det som blir kalla austnorsk.

Både nordmørsk (samан med trøndersk) og gudbrandsdalsk blir rekna til austnorske dialektar, som har to lettjennelege særdrag: tjukk l og det me kallar 'jamvekt'. Jamvekta ser ein lettast i infinitivsendingane, som i austnorske dialektar skiftar, f.eks. mellom -a, -e og ingenting, jf. nordmørske infinitivar som *varra*, *hærrje* og *bit*. Vestnorske dialektar har berre éi ending i infinitiv; på Nordvestlandet er den -e. I Romsdal heiter det *vare*, *hærrje* og *bite*, og dermed er me vestlendingar, saman med sunnmøringane. Men slektskapet sørover blir litt problematisk på grunn av den tjukke l-en me har, og alle dei andre "tjukke" lydane som følgjer med honom.

Geografien og historia har skapt denne blandinga mellom sør og nordaust. Mönsteret for sosiale kontaktar, administrasjonseiningar og hopehav i arbeidslivet gjennom dei siste tusen åra har sett att desse avleiringane i dialekten vår.

Me kan her ta med endå eit skilje mot nord: Det personlege pronomenet i første person fleirtal heiter vi på Normøre, i romsdalsk som elles i vestnorsk dominerer me. At det historiske grunnlaget for romsdalsk er vestnorsk, er tvillaust. Men så har det gode sambandet nordover gjennom hundreåra gitt oss nye drag, eller hjelpt oss å halde på slike gamle drag som vestlendingane elles har mist. Eit eksempel på det siste er fleirtalsendinga av slike hokjønnsord som i eintal ubestemt form endar på -e, som f.eks. *ei veke*. I sunnmørsk heiter det *to veke*, dvs. med endinga -e i fleirtal au. I romsdalsk er det mest vanleg å ha enten -å, -o eller -u, altså f.eks. *to veko*, som det heiter i Rødven. Dei romsdalske endingane er historisk sett meir opphavlege enn den vestlandske. Men sett innafor ein tusenårsfolk er ikkje den tjukke l-en opphavleg. Den har me teke etter nordmøringane og ev. gudbrandsdalingane. Og

gjennom Nordmøre har den "nokså nye" monoftongeringa komme - opphavleg frå Trøndelag. Denne utviklinga har ført til at dei opphavlege diftongane *ei* og *øy* har gått over til monoftongane *ø* og *æ* når dei står framom ein konsonant. Difor heiter det *grøi* og *høy* med diftong, men *bøn* og *bøte* med monoftong.


Eit einsarta fogderi

Dei som er romsdalingar, kan høre forskjellar i dialekten frå bygd til bygd. Men tenkjer me på den store avstanden frå dei inste til dei ytste romsdalsbygdene og på kor ulikt landskapet er, må ein seie at dialekten er svært einsarta. Rett nok er det bygder som er meir "nordmørske" eller meir "sunnmørske" enn det eg har beskrive som romsdalsk ovafor. Men innafor andre regionar i landet varierer dialekten mykje meir over slike avstandar. Det må komme av at det fram gjennom historia har vore eit sterkt samband innover og utover i fogderiet. Folk utafrå reiste til visse tider inn i fjordane for å fiske og for å handle, og i andre sesongar reiste fjordmannen utover i tilsvarande ærend. Slik kunne likskapen haldast oppe.

To sentrale språkdrag

Når ein skal forstå og arbeide med dialekten vår, er det to "finurlege" språkdrag som krev litt ekstra innsikt og trening for at ein ikkje skal gå seg vill, nemleg dativ og det me kunne kalle "tjukke lydar". Dei er ikkje spesielle for romsdalsk, men dei kan vere vanskelege pga. at me ikkje møter desse draga i vanleg skrift.

Dativ er eit "ekstrasett" med bøyingsformer av substantiv og personlege pronomener, som me brukar i visse samanhengar. Dativformene markerer ei særtyding i forhold til det me kunne kalle nemneformer, dvs. dei me kjenner lettast att frå skriftmålet. Det ser me lett i ei setning som: *Hanøy går på ta' å*, som tyder noko anna enn: *Hanøy går på ta' åe*. Me seier at det i første setninga er tale om ei 'påstadstyding', i den siste ei 'tilstadstyding'. Dativformene kan altså brukast til å markere at noko(n) er på staden. I setninga *I ga guta dine ei sikkle sørnjepreken i går* står *guta dine* i dativ fordi det er tale om eit indirekte objekt, au kalla omsynsledd, dvs. den ei handling går utover eller er til ulempe/fordel for. Til å markere dette au brukar me dativ.



Dampskskaia på Stangenes var i mange år viktig for kontakten med omverda - og dermed også som samlingsstad. Da dette bildet vart teke rundt 1960, hadde buss og bil konkurrert ut rutebåten. I bakgrunnen ser me Ottestad-gardane (*Åssta-garanj*) i Spelbyggda.

Elles brukar ein dativ etter visse verb, visse adjektiv, visse adverb og visse preposisjonar. Dei skal me ikkje ramse opp her. Men det viktige er at ein er observant nok til å sjå kva tid det er tale om ei dativform, og kva tid ei nemneform. Gjer ein ikkje det, går ein seg vill om ein ønskjer f.eks. å plassere forma inn i eit bøyingsmønster. Slike "villfaringar i bøyingsmønstra" har f.eks. ført til rot i skrive-måten av ein del stadnamn, som i romdalsk ofte finst i både ei nemneform og ei dativform. Ettersom skriftmålet brukar berre nemneform, er det au nemneforma av stadnamna som skal brukast i skrift.

Dei tjukke lydane oppstår når ein *ȝ* eller ein *r* støyter sammen med ein av lydane *t*, *d*, *l*, *n*, *r* eller *s*. Men resultatet er ulikt om første lyden er tjukk *l* eller *r*, slik at me kan kanskje snakke om "tjukke" og "halv-tjukke" lydar. Denne forskjellen er "hårfin", og dei som ikkje har lært han i morsmålet sitt, kan lett ta feil. Dei yngste rundt om i romsdalsbygdene har slutta å gjere forskjell på desse to lyd-rekkjene. Men dei som brukar tradisjonell romsdalsk, hører godt forskjellen på *førte* 'førte' og *føgte* 'følgte', eller *harsætt* 'hardsett', *vanskeleg*' og

*ha*ksætt 'halvsett', osv. Me kan godt skrive kvar av desse lydane med to teikn, slik det er gjort her, fordi me kan slutte oss til kva lyd teiknkombinasjonane skal svare til. Men i uttalen er det berre éin lyd, sjølv om mange er så innforstått med systemet og kva lyden svarar til i skriftbildet, at dei trur det er ein "svak" *r* med i uttalen av f.eks. *førte*.

Dialektforskjellar i Romsdal


Innafor Romsdal er det som nemnt nokre småe forskjellar som me kan bruke til å skilje folk ifrå indre, ytre, nordre og søre bygdene frå kvarandre. Nokre slike forskjellar skal me ta fram her, slik at me kan beskrive nærmere særdraga for dialekten i Rødven:

I fleirtal av hokjønnsord som i eintal endar på -e, såg me at det fanst ulike endingar i romsdalsk. Frå gammalt har dei inste bygdene endingau, dei midtre har -o, dei nordre -å og dei søre -e. Rødven ligg i området for -o, og såleis heiter det *to veko, fñere jænto* osv. Men bygda er berre akkurat innafor grensa, for straks ein kjem i Eidsbygda, finst endinga -u hos eldre folk. Den gamle kommunegrensa mot Eid var altså i dette draget grensa til det inste dialektområdet i Romsdal.

I andre drag har dialekten i Rødven følgt dei indre bygdene, i alle fall i eldre tid. Eit særdrag for dei er ø-en i ord der ein lenger ute i fogderiet brukar å eller o, som i f.eks. *høł' 'hol'*, *orm' 'orm'* og *skøte' 'skote'*. Men her har nok grensa endra seg ein del dei siste generasjonane, for i Eidsbygda finn ein *håł'* osv.

Etterleddstrykk har funnest over stordelen av Romsdal, men etter noko ulike reglar. Slikt møter me f.eks. i ord som *tynnebanñ' 'tynneband*', dvs. at når første delen av denne samansetninga er på to stavingar, ligg hovudtrykket på siste ledet i samansetninga, altså *baññ*. Systemet i Indre og Søre Romsdal har vore at ein ikkje fekk etterleddstrykk om førsteleddet svarte til ein infinitiv (jf. *må'feståkk*) eller preposisjon (jf. *fø'reslå*) eller om dei to leddet var bundne saman med -a- (jf. *slåt'tatæg*). Men på hi sida hadde ein i desse delane av Romsdal etterleddstrykk i mange samansetningar der berre éi staving kom framom siste ledet: *vełęn'ye 'velende, matrøyrs'*. I dag finn ein mest berre restar att av etterleddstrykket i Indre Romsdal, og det gjeld au i Rødven.

I same søre og indre området finst eit interessant mønster for uttalen av det me i skriftmålet skriv *nd*, som i *hand*. Det heiter her *ei* *hann* i ubestemt form. Men i bestemt form blir det til *hannda*, dvs. at d-en kjem inn. Men i dativ eintal blir forma *ha'n*, f.eks. *De låg oppi ha'n*. Mønsteret er at ein uttalar konsonantsambandet *nd* når det kjem ein vokal etterpå, elles ikkje. Nordom Langfjorden og lenger inne i Langfjorden har ein uttalen *nn* i alle desse tilfella.



Rødvendalen sett frå Bakken mot sjøen, med delar av Rødven- og Hammervoll-gardane.
På den andre sida av Rødvenfjorden ligg Holmemstranda under fjellet Skarven (1048 moh).

Til slutt skal me nemne eit fenomen som dukkar opp i mange bygder både i ytre, nordre og indre Romsdal: y blir uttalt som i, jf. *sikkel*, *dir* 'sykkel', *dyr*'. Det finn me nordom Langfjorden og inst i Langfjorden. Her au ligg Rødven på grensa, men har tydeleg unngått denne utviklinga.

Språkleg har bygda Rødven tydeleg i lang tid lege i grensesona mellom dei indre og midtre bygdene i fogderiet. Dei fleste særdraga peikar innover. Men i dag - som tidlegare - utviklar språket seg. Det gjeld

nok au i Rødven. Difor vil det bli interessant å sjå om språkgrensene i dag flyttar seg innover, eller sagt på ein annen måte: om bygda flyttar utover.

Helge Sandøy kjem ifrå Bud og er fødd i 1947. Han er tilsett som førsteamanuensis ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Han har arbeidd mykje med norske dialektar og norsk språkhistorie.

Jon Peder Vestad

De sa me

- ord og uttrykk frå Rødven
etter Aase Hunnes

Utgjeve av
Romsdal Sogelag
Molde 1991